

Intensjonsavtale om kommunereform i Sunnhordland

Avtalen gjeld mellom dei av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Stord og Tysnes som vedtek den, og viser at desse kommunane har ein intensjon om å leggja fram ein endeleg avtale om kommunereform i Sunnhordland. Avtalen gjeld frå den er vedteke i kommunestyra.

Den endelege avtalen skal byggja på og konkretisera dei prinsippa det er semje om i denne avtalen. Den endelege avtalen skal vera eit grunnlag for innbyggjarmedverknad (rådgjevande folkerøysting og innbyggjarundersøking) og endeleg vedtak i kommunestyra i løpet av våren 2016.

1. Visjon og verdiar

Visjonen for arbeidet med ny kommune i Sunnhordland er:

- «Saman om morgondagen»

Verdiar for den nye kommunen:

- Synleg
- Framoverlent
- Likeverdig
- Glødande
- Slagkraftig

2. Identitet og lokalsamfunn

Gjennom kommunereform skal me byggja ein meir slagkraftig kommune. Den nye kommunen får større påverknad på dei regionale og nasjonale prosessane som påverkjer innbyggjarane i Sunnhordland. Me skal ta vare på lokaldemokratiet, utvikla tettstadane, og byggje opp om innbyggjarane sin lokale identitet.

Særprega i lokalsamfunna og bygdene skal dyrkast, samstundes med arbeidet for at innbyggjarane skal bli stolte over å bu i den nye kommunen. Kommunen skal byggja vidare på ei rik lokalhistorie og ein levande kystkultur. Lag og organisasjonar og frivillig arbeid er grunnsteinar i lokalsamfunna.

Den nye kommunen skal:

- Arbeida for folketals- og næringsutvikling i alle delar av kommunen
- Leggja til rette for at det til ein kvar tid er opparbeidde nærings- og bustadareal i alle delar av kommunen
- Arbeida for at sentrumsfunksjonar blir halde oppe i lokalsentra
- Arbeida for at det kjem fleire arbeidsplassar i alle delar av kommunen

Dei fleste kommunale arbeidsplassane er knytt til lokale tenester, og vil ikkje bli flytta i samband med reforma.

3. Den nye kommunen

Leirvik skal vera regionsenter¹, kommunesenter og by.

Storebø, Sørtland, Fitjar og Uggdal skal vera lokalsentra.

Dagens kommunar skal vera kommunedelar i den nye kommunen.

Kommunedelane skal ha kommunale tenester som offentleg servicekontor, fastlege, helsestasjon og folkebibliotek. Kommunen skal arbeida for at det skal vera «Post i butikk», bank, lensmannskontor, Nav-kontor, tannlege og handelsverksemد i alle kommunedelane. Tenestene skal leggjast slik det er føremålstenleg ut frå lokale behov.

Arbeidstittel på kommunen er «Sunnhordland kommune» - Det blir lyst ut namnekonkurranse i løpet av 2016.

Det skal utarbeidast nytt kommunevåpen, -flagg og ordførarkjede.

Kommunen skal ha nynorsk som skriftspråk.

Det skal oppretta ein heilt ny kommune i Sunnhordland, og beste praksis frå eksisterande kommunar skal leggjast til grunn for organiseringa av den nye kommunen.

Rådmannen og dei mest sentrale funksjonane (assisterande rådmann og kommunalsjefar) skal sitje i rådhuset i kommunesenteret.

Kommunehus/rådhus i Austevoll, Bømlo, Fitjar og Tysnes skal ha kommunale funksjonar i den nye kommunen, og det skal vere innbyggjarettleiing/servicekontor i alle rådhusa. Dei fagmiljø og stabs- og støttefunksjonar som blir samlokalisert, skal fordelast til alle delar av kommunen.

4. Demokratimodellen

Kommunen skal styrast etter formannskapsmodellen. Fagutval skal ha ansvar for dei store driftsområda.

Lokale utval (direkte eller indirekte valde) skal ha ansvar for frivillig arbeid, kultur, idrett og lokal utvikling i kommunedelane. Utvala skal ha uttalerett om saker som vedkjem deira kommunedel.

Målsettinga er at utvalsmedlemmene skal fungera som lokale ombod for innbyggjarane i lokalsamfunna, og redusera avstanden mellom innbyggjar og folkevald i den nye kommunen.

Det skal ikkje vera sentrale utval med same ansvarsområde som lokalutvala, men formannskapet skal ha overordna ansvar for mellom anna næringsutvikling og regionale spørsmål.

Partigruppene har eit særskilt ansvar for at alle delar av kommunen er representert i det politiske arbeidet, i kommunestyre og utval.

¹ Regional plan for attraktive senter i Hordaland (Hordaland fylkeskommune 2014) s. 41.

Kommunen skal leggja til rette for at folkevalde som bur i alle delar av kommunen får gode arbeidsvilkår.

5. Økonomi, eigedomsskatt og kommunale avgifter

Kommunale avgifter i den nye kommunen skal vera så låge som mogleg, sett i samanheng med lokale tilhøve og kommunen sin økonomiske situasjon.

Dersom den nye kommunen finn å måtta ha eigedomsskatt, skal den vera så låg som mogleg, sett i samanheng med kommunen sin økonomiske situasjon. Ein ny kommune må ha eins satsar og berekningsgrunnlag for eigedomsskatt.

Austevoll har i dag ikkje eigedomsskatt. Dei andre kommunane har ulike satsar og takstgrunnlag for eigedomsskatten. Overgangsordningar for eigedomsskatten skal difor nyttast.

Ingen av kommunane har inntekter frå vasskraft, heimfallsrettar eller konsesjonskraft. Fitjar kommune har inntekter frå vindkraft. Tysnes (sone 2) og Bømlo (sone 1a) har nedsett arbeidsgjevaravgift.

Inndelingstilskotet gjer at den nye kommunen held på grunntilskot på om lag 12 mill. kroner frå kvar av samanslåingskommunane. Den nye kommunen tek i tillegg med seg om lag 5,4 mill. kroner i småkommunetilskot frå kvar av kommunane Fitjar og Tysnes. Ordninga gjeld i ein periode på 15 år, og så ei nedtrapping over 5 år.

Samanslåinga vil utløysa tilskot til eingongskostnadene på 55 mill. kroner og reformtilskot på 25 mill. kroner.

6. Samferdsle

Vegar og ferjesamband bind saman kommunane, og den nye kommunen vil prioritera intern samferdsle høgt. Dette gjeld først og fremst vegsamband som bind Austevoll og Tysnes saman med resten av kommunen, og det interne kollektivtilbodet i den nye kommunen.

Fram til slike samband er realiserte, vil kommunen arbeida for utvida ruter og raskare ferjer i sambanda.

7. Prinsipp for tenestetilbod

Den nye kommunen skal ha desentraliserte tenester av like god eller betre kvalitet som i dag.

Det blir ikkje endringar i skulestrukturen i samband med samanslåinga. Barn og unge skal få tilbod om kulturskule-, barnehage- og skuleplass nært der dei bur.

Det blir ikkje nedlegging av sjukeheimslassar i samband med samanslåinga. Omsorgstilbodet skal organiserast slik at innbyggjarane får nærleik til tenestene. Eventuelle nye sjukeheimslassar, omsorgsbustader og bu- og servicesenter skal leggjast til alle delar av kommunen, for å sikra brukarane sin lokale identitet og nærleik til pårørande.

Fram til nye vegsamband har knytt Austevoll og Tysnes saman med resten av kommunen, skal desse delane av kommunen ha lokale legevaktordningar på dagens nivå.

Der det er trong for styrkte kompetanseområder, vil det vere naturleg å samlokalisera kommunale avdelingar. Samlokaliserte tenesteområde og fagmiljø skal fordelast til alle delar av den nye kommunen.

Dei eksisterande kommunane er del av ulike helseføretak, politidistrikt og 110-sentralar. Det er naudsynt at heile den nye kommunen skal halda seg til same helseføretak, politidistrikt og 110-sentral.

Den nye kommunen skal over tid harmonisera innkjøps- og driftsavtalar som er inngått for dei eksisterande kommunane.

Seinare endringar i føresetnadane skal handterast som planprosessar med brei involvering og høyringar.

8. Prinsipp for kompetanse

- Høg kompetanse er grunnlaget for eit godt tenestetilbod.
- Det skal vere eit prioritert satsingsområde å rekruttera, utvikle og halde på fagpersonar.
- Ein større og meir slagkraftig kommune skal føre til at det vert meir attraktivt å arbeide i kommuneorganisasjonen.

9. Administrative prosessar

Ingen tilsette mister jobben i samband med prosessen, og dei skal ikkje få reduksjon i løna si. Eventuell reduksjon i talet på tilsette skal skje med naturleg avgang.

Prinsipp for vidare drøftingar med arbeidstakarorganisasjonar:

- Endring av arbeidsoppgåver og tenestestad kan verta naudsynt
- Leiarar (over tenestestadleiar) skal søkje på nye leiarjobbar.
- Det skal vera openheit og dialog i prosessen. Kommunikasjonsstrategi skal prioriterast.
- Omstillingsavtale skal nyttast som grunnlag for samhandling med tillitsvalde.

Prosess med tillitsvalde:

- Tillitsvalde skal vere representert i styringsgruppene i kvar kommune.
- Det skal gjennomførast drøftingsmøter, eventuelt høyringar, i samband med politisk handsaming av kommunenesamanslåing.
- Det skal haldast jamlege orienterings- og drøftingsmøter i prosessen.

10. Kommunikasjonsstrategi

Kommunikasjonsstrategien til kommunereformprosjektet i Sunnhordland er basert på openheit og tydelegheit overfor innbyggjarar, organisasjonar, næringsliv, media o.a. Dette er ein føresetnad for eit levande folkestyre, og inneber målretta satsing på ekstern og intern informasjon.

Lokaldemokratiet er grunnleggande. Kommunereformprosjektet vil legge til rette for gjensidig kommunikasjon og dialog mellom innbyggjarane og dei ulike tenestene i kommunen. Det vil vera avgjerande at kommunane lukkast med:

- å få fram representativ informasjon
- å skapa dialog
- at innbyggjarane sine standpunkt byggjer på kunnskap og innsikt

Denne avtalen skal leggjast ut på kommunane sine nettstadar, på nettstaden til Samarbeidsrådet for Sunnhordland og på prosjektet sin profil i nettsamfunnet Facebook. Avtalen legg grunnlaget for avsluttande forhandlingar om ein endeleg avtale.

Kommunane vil etter at det er forhandla fram ein endeleg avtale, høyra innbyggjarane om saka. Dette vil skje i form av rådgjevande folkerøysting eller innbyggjarundersøking i kommunane.

Når det gjennom avsluttande forhandlingar er kome på plass ein endeleg avtale, skal denne distribuerast til alle husstandar i kommunane.

Det haldast rådgjevande folkerøysting på same dag i dei kommunane som vel denne forma for innbyggjardialog.

11. Prosess og vegen vidare

Prosesesen med kommunereform i Sunnhordland går i tre trinn, og denne avtalen er trinn 2 i prosessen. Trinn 1 er Samarbeidsrådet for Sunnhordland sin rapport «Forprosjekt – ny kommunereform i Sunnhordland», som blei sendt til kommunane i juni 2015. Forprosjektet lagde eit faktagrundlag for den vidare prosessen.



Intensjonsavtalen utgjer trinn 2 av ein eventuell avtale om kommunereform i Sunnhordland. Gjennom vidare forhandlingar (trinn 3) skal viktige moment for dei eksisterande kommunane avklarast før kommunestyra tek endeleg avgjerd i saka.

